VI BYGGJER ALVER KOMMUNE

Morten Klementsen

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Tove Mette Arnø Fyllingen | 29.08.2019 |
| Vår: 19/2387 - 19/25883 | ftm@lindas.kommune.no | |

# Klage på manglande lister i samband med førehandsrøystinga (1472)

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak.

Med helsing
Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

*Dokumentet er signert elektronisk.*

**Post**
postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**
www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM

**Vedlegg:**
Klage/oppfølging
Vedlegg 2 Strilen

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Kommunal- og Moderniseringsdepartementet | Postboks 8112 DEP | 0032 | OSLO |

**Mottakarar:**
Morten Klementsen

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | |
| **JournalpostID:** | 19/292 |
| **Saksbehandlar:** | Tove Mette Fyllingen |
| **Dato:** | 27.08.2019 |

# Saksframlegg

| Saksnr. | Utvalg | Møtedato |
|---|---|---|
| 021/19 | Valstyret Alver | 29.08.2019 |

## Klage på manglande lister i samband med førehandsrøystinga

**Vedlegg i saken:**

| | | |
|---|---|---|
| 27.08.2019 | Klage/oppfølging | 1325761 |
| 27.08.2019 | Strilen | 1325763 |

**Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:**
Endra rutinar i samband med hendinga vert følgd opp i alle vallokala (førehands- og valtingslokale) i Alver kommune.

**Valstyret Alver 29.08.2019:**
**Handsaming:**
Programansvarleg sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**VA- 021/19 Vedtak:**
Endra rutinar i samband med hendinga vert følgd opp i alle vallokala (førehands- og valtingslokale) i Alver kommune.

**Bakgrunn for saken:**
FNB har klaga vedrørande sak, omtalt i Strilen 26.08.2018.

Det ligg ikkje meir utfyllande informasjon i klagen.

Dette gjeld veljar på biblioteket i Lindåshallen, som skulle førehandsrøyste måndag 26.08.2019.

Valansvarleg vart kontakta av Strilen etter veljaren sjølv hadde meld frå til dei. Biblioteket på Lindås tok kontakt og melde frå om hendinga.

- Ein person møtte i vallokalet, gjekk deretter i avlukket.
- Etter ein stund kom veljaren ut av avlukket og melde frå om at det mangla røystesetlar til Folkeaksjonen Nei til meir bompenger til kommunestyrevalet.
- Røystemottakar takka for informasjon, beklagde og fylde på med røystesetlar.

- Etter dette gjekk veljar i avlukket, fann røystesetlar, vart kryssa i manntal og la i urna.

Det vart sjekka med jamne mellomrom at røystesetlar var på plass til alle parti.

Klagen er no sendt kommunaldepartementet. Denne saka med vedtak i valstyret vert sendt departementet etter møtet.

Etter denne hendinga har vi endra rutinar for tilsyn i avlukka. Det vert sjekka at alle røystesetlar er på plass og på rett plass etter kvar veljar.

Dette er heldigvis ei hending som skjeldan skjer.

Hendinga på Radøy, som det vert vist til i avisa, er ikkje kjend for oss utanom rykter og sosiale media.

Det vart ikkje klaga i vallokalet, eller i ettertid, frå veljarane skulle førehandsrøyste.